

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Torsdag 15.12.16 kl 9 - kl 11
Tilstede: Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Endre Østbø, Merethe Sund, Ragnhild Engan, Svein Slåtsveen, Fred Tore Fagereng, Teig Madsen (sak 1) og Svein Inge Jakobsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppa Råvare og Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 15. desember 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøte 12. – 13.12</p> <p>Teig orienterte om budsjett 2017, som skal vedtakast i januar. Ambisjon om nye posisjonar i marknaden, samt fokus på effektivisering. Hovudfokus var landbruksmeldinga. Balansert analyse av norsk matproduksjon, mest dramatisk med forslag om avvikling av marknadsbalansering på egg, noko som fører til kontraktsproduksjon. Viktigaste saka for Nortura å jobbe mot. Påverke Venstre og KrF, samt faglaga.</p> <p>Forslag om at Nortura fortsatt skal ha marknadsregulering, med dobbel mottakspåsking på skore vare. Forslag om volummodell på svin. Relativt udramatisk, ynskjer dato nærast mogeleg dato for opphøyr av eksportmogelegheta. Produksjonsregulering vil vere viktigast tiltak, vanskeleg å dekke sesongvariasjonar. Finansiering av opplysningsverksemda over omsetningsavgifta skal opphøyre, då det ikkje har nokon effekt. Nortura viser til effekt, m.a. på egg, men truleg tapt kamp. Gjennomført og planlagt møter med politikarar og andre aktørar.</p> <p>Arbeid sett i gang på lam for mogeleg produsentfinansiert eksport.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Når skal landbruksmeldinga opp i Stortinget?• Svar: Næringskomitéen i februar, debatt i Stortinget i mars. 11. januar representantskapsmøte i Bondelaget.• Viktig å bruke fylkeslaga til påverknad. Teig stiller opp med info til dei som treng det.• Pål Ove tek kontakt med leiar i Nordland Bondelag. Fornøgd med strategi frå styret, med fokus på viktigaste saker. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Evaluering av Regionutvalsmøtet 08. – 09.11</p> <p>Oppsummering av evalueringsskjema var utsendt. Gode tilbakemeldingar, stort sett. Forbetringpunkt er tidlegare info om billettbestilling, og orientering om dei ulike dyreslaga etter dei separate møta.</p> <p><u>Innspel/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Ein del forfall i siste liten, utan å melde frå. Dette vart Nortura belasta for.• Kan ansvar leggjast på kretsleiar for å sjekke opp om representantane frå kretsen kjem? Fylgjast opp av AU, samt Brit Kari• Fordelen med mange vara på møtet er at fleire får informasjonen frå møtet• Belaste kretsane med kostnad for no-show?• Vara på gruppearbeidet vart positivt i opplæring.• Behov for årshjul også for AU, m.a. for kontakt med kretsane før RU-møtet, for å	<p>AU/ Brit Kari</p> <p>Brit Kari</p>

sjekke forfall og innspel til RU-møtet.

Vedtak: AU tek evalueringa av Regionutvalsmøtet 08. – 09.11 til orientering.

- 3 **Oppnemning av pilotområde for Ny Giv i kretsarbeidet**
Oppsummering av gruppearbeidet frå regionutvalsmøtet var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Hattfjelldal og Vefsn/Grane kan vere aktuelt for kretssamanslåing. Samarbeider godt allereie i dag.
- Svein har prøvd å samle kretsutvala i Finnmark to gonger, utan å lykkast. Lite respons.

Vedtak: AU oppnemner kretsane 16 Vesterålen, 17 Andøy og 18 Lofoten som eit pilotområde, og kretsane 13 ETS, 14 Narvik/Ballangen og 15 Ytre Sør-Troms som det andre pilotområdet

- 4 **Orientering frå Råvare og Medlem, samt Drift region Nord**
Svein Inge orienterte om arbeid i sluttfasen med handlingsplan for 2017. Bjerka: Jobbar med Kontinuerleg forbetningsprosjekt (KF) for å auke inntening og ta ned kostander. Ser på balansering av linjene, t.d. jamnare tilførsel på gris, er stor variasjon mellom vekene. Optimalt med 1 500 gris pr dag, kan hente 1 mill kr/år m.a. på bemanning. Målselv: KF fase 2 etter nyttår, for ytterlegare forbetring. Karasjok: Meir reinslakting enn tidlegare, 20 000 mot 18 000 i fjor, jamn tilførsel av småfe og storfe. Kostnadsfokus på alle 3 fabrikkane.

Spørsmål/kommentarar:

- Jamnare tilførsel på gris kan vere drastisk omlegging for produsentane som driv med puljer
- Kor mykje gris vert det slakta i Karasjok? Føresetnad for drifta der?
- Svar: 700 stk, 50 – 60 tonn. Meir lønsamt dersom grisen kunne verte slakta i Målselv, men Karasjok viktig anlegg.
- Inntransport i Bjerka-området overtakast av Nortura? Gulrot for bilane med fulle bilar?
- Svar: Berekna, er tatt ned betydeleg kostnad siste åra, men truleg ikkje overtakast. Viktig med inntransportplanleggjar på Bjerka, som sørgar for fulle bilar og samlasting av dyreslag.
- Er lammeringsleiar, prøver å fylle opp bilar. Ved etterinnmelding prøver vi å få med dei, men anlegget skeptisk til det.
- Svar: Er tatt tak i, og vert jobba godt no med slakting og inntransport.
- Lammeslaktessesongen og oppkøring til jul, har vi klart å levere som etterspurt?
- Svar: Inga laurdagsslakting pga tidlegslakting frå veke 34, slakta totalt meir enn fjoråret.
- Vurdering av om tilførslane til neste år aukar ytterlegare?
- Svar: Tapt noko småfe til Horn, m.a. i Meløy, må setjast meir trøkk på. Må setje i verk tiltak på storfe.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

- 5 **Tiltak for auka storfekjøttproduksjon i region Nord**
Svein Inge orienterte om at det jobbast godt i dei to prosjekta "Kjøtt i Nordland" og "Økt grovfôrbasert produksjon i Troms og Finnmark". I Nord auke på ammekyr men nedgang på mjølkekyr, med nedgang samla. Må ha meir trøkk, men skulle hatt meir ressursar. Bekymra, nedgang i slakting på alle 3 fabrikkane. Gjort god jobb på å ivareta kalven i Finnmark, mesteparten er plassert. Fortsatt jobb å gjere på livdyrformidling. Finnast midlar hos Fylkesmennene, moglege prosjektstilling for driftsplan og bygningsløyising.

Spørsmål/kommentarar:

- Livdyr: Er ting å ta tak i. Viktig at småferådgjevarane også fokuserer på storfekjøttproduksjon som moglegheit.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 6 **Invitasjon til Arktisk Landbruksting frå Nordnorsk Landbruksråd**
Nordnorsk Landbruksråd skal arrangere Arktisk Landbruksting i Bodø 7. februar, og Rådsmøte 8. februar. Til Landbrukstinget vert LMD og politikarar nasjonalt og regionalt invitert, og det vert presentasjon av prosjekta i Arktisk Landbruk. Landbruksrådet ynskjer at organisasjonane arrangerer møter i tilknytning til dette, for å samle flest moglege då.

Innspel/kommentarar:

- Bør møte 1-2 frå AU på både Landbrukstinget og Rådsmøtet.
- Kan ikkje ha AU-møte dersom det ikkje er behov for møte. Kan vurdere dersom vi ser at det er behov for fysisk møte til den tid.
- Vanskeleg møtetidspunkt, i og med at Konsernråd er veka etter.

Vedtak: AU stiller med leiar og nestleiar på både Landbrukstinget og Rådsmøtet

-
- 7 **Møteplan 2017**
Forslag var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Tromsø gunstigast for RU-møte, både for reise og økonomi.
- Kan vere fordel å byte mellom Bodø og Tromsø
- Arrangere RU-møtet i Tromsø no, og spørje om kva som er ønska møtestad
- Fysisk møte 20. april, i staden for mai.
- Vurdere møtet i september. Diskuterast på AU-møte 13.03.

Vedtak: AU vedtek møteplan 2017, med endringane som er notert.

-
- 8 **Konstituering av nestleiar i AU**
Pål Ove vil fungere som leiar i AU frå årsskifte og fram til RU-møtet. I denne perioden er det behov for ein konstituert nestleiar.

Innspel/kommentarar:

- Vurdering av Bernt: Ta omsyn til om nokon kan tenke seg å verte ny leiar. Eit anna moment er at Endre ikkje har ansvar for dyreslag.
- Pål Ove har meldt at han ikkje stiller seg til disposisjon for valkomitéen. Store utfordringar med rovdysituasjonen krev mykje.
- Forslag på Merethe som nestleiar fram til RU-møtet.
- AU kan gje innspel til valkomitéen dersom det er nokon som kan tenke seg å verte leiar.
- Endre kan tenke seg å fungere som nestleiar.
- Innspel til valkomitéen om forslag på Merethe og Endre som leiar/nestleiar.

Brit Kari

Vedtak: AU konstituerer Endre Østbø som nestleiar fram til RU-møtet.

-
- 9 **Eventuelt**
- Endre fått innspel frå Berit Hundåla om at det er viktig at AU set seg inn i Stortingsmeldinga på landbruk
 - Innspel til sentral valkomité:
 - Forslag om Inger Lise Aarrestad Rettedal som ny leiar.
 - Forslag om Teig som ny leiar
 - Forslag om Merethe som ny styremedlem
 - Svein Inge har fått mail frå Rema i Mo i Rana, med bilete av store mengder Fenalår Polarlam ☺
 - Oppmoding om å bruke Facebook til å profilere Thulefjord, og få fram at Nortura er produsent.
 - Må også kome fram kva butikkar som har Thulefjord inne.
 - Bruk av Facebook som medium kunne det godt vore opplæring på.

Brit Kari